

SKREDFAREVURDERING FOR BUSTADTOMT (29C) VED SITLEVEGEN
- ØVRE ÅRDAL - ÅRDAL KOMMUNE

På oppmoding frå Årdal kommune ved teknisk etat, blei det 06.09.1982 gjort synfaring i Øvre Årdal med tanke på vurdering av skredfaren for bustadtomt ved Sitla for enden av Sitlevegen (sjå kartbilag). I rapporten er tomta gitt nemninga 29c.

Frå kommunen møtte teknisk sjef A. Hjelle og regulering-arkitekt J. Erdal.

GRUNNLAGSMATERIALE

Som grunnlagsmateriale er nytta tidlegare rapportar frå Statens Naturskredfond ved teknisk konsulent J. Børstad. (Datert 27.10.1965 og sept. 1966) og Univertsitetet i Bergen, Geologisk Institutt ved prof. N. H. Kolderup, datert 30.09.1964.

Rapport frå Norges Geoteknisk Institutt, ved F. Jørstad datert 01.04.1957, har ikkje vore tilgjengeleg.

PLASSERING AV TOMTA

Tomta er plassert ved foten av fjellskråninga vest for Sitla. I aust grensar tomta til elva Sitla.

STABILITETSVURDERING

Sjølv om Sitla er regulert, har ein erfaring for at det i samband med uheldige tilhøve mellom nedbør/snøsmelting i fjella og magasinifilling, vil det oppstå flaum ned mot bustadfeltet. Elva er i nokon mon forbygd med veksling av støyptmur og tørrsteinsmur. Det er avsett 5 m på kvar side av elva til eventuelt opprensning og sikringsarbeid.

Ovanfor tomt 29c gjer Sitla ein liten sving mot aust, noko som gjer at ho i visse høve i flaum vil presse seg mot forbygginga ved omsøkte bustadtomt. Frå gamalt av har det her vore eit overlaup for elva mot vest. Laupet er no tetta igjen med fyllmassar.

Like bak tomta reiser det seg ein høg og steil brattskrent. (Sjå kartvedlegg 1). Fjellhammaren er sterkt oppsprukken langsmed plan som i hovudsak heller framover mot bustadområdet.

Midt i skrenten er det påvist større open sleppe med tilsvarande fall ut mot bustadområdet. Storleiken er ca $\frac{1}{2}$ m, lengda kan følgjast langs med heile skrenten, ca. 50 m. Djupna er på det meste 1 - 2 m. Synfaringa viste at hengen i sleppa er sær sars laus og oppsprukken. Ein må såleis over tid rekne med nedfall av stein og blokk.

Ovanfor første brattskrenten er overflata i stor mon dekt med grovblokka skredmateriale. På sikt må ein rekne med at lausblokkene vil skli ut. Omsøkte tomt nr. 29c vil liggja innpå skredtruga område.


KONKLUSJON

Brattskrenten for enden av Sitlevegen må reknast for ustabil og skredfarleg. Tomt nr. 29c vil i stor mon liggje innpå det område som er skredtruga.


Faren for flaum/flaumskred er ikkje vurdert. Det synest likefullt som om tomta kan liggje utsett til ved stor vassføring i Sitla.

Ut frå dette vil ein ikkje rå til at tomt 29c i Sitlevegen blir nytta til bustadformål. Det vil vere naturleg å avsette areala mellom eksisterande bustadfelt og brattskrenten til ei buffersone.

I buffersona vil framtidig skredmateriale kunne akkumulerast. Dersom ein finn det ønskjeleg, vil sona seinare kunne nyttast ved etablering av sikrings-tiltak.


Bjørn Falck Russenes
fylkesgeolog

Vedlegg



Skred nr: 73/100

Lekeplass og parkeringsplass 27.15

19.

O. H. H. H.


SKREDFAREVURDERING SITLEVEGEN 29 C

ØVRE ÅRDAL

KOMMUNE: ÅRDAL

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
PLAN OG UTBYGGINGSSJEFEN

MÅLESTOKK	FELT.	6.9.82
1:1000	TEGN.	
	RAPP.	10.9.82
B.F.R.		
BILAG	2	KARTEBLAD
RAPP.NR:		



SKREDFAREVURDERING SITLEVEGEN 29 c
 ØVRE ÅRDAL
 OVERSYN

MÅLESTOKK	FEI T.	6.9.82
1:5000	TEGN.	
	RAPP.	10.9.82

KOMMUNE: ÅRDAL

P. E. P.

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
 PLAN OG UTEYGGINGSSJEFEN

BILAG	1	KARTBLAD
RAPP. NR:	B\077-5-1	